

Daa Oskefis var diktar.

Det var ein gong ein konge som var so stor paa det at han brukte gullsolar under skoerne. Men daa han var helder lat, so var det med naud han kunde røyva seg so mykje som aa bruka nevarne aa eta med.

Ein gong vilde kongen faa smida seg ei stor gullplata, og so vilde han hava ein av sine undergjevne til aa skriva eit vers som skulde bli inngrave i plata.

Han sende daa ut det bodet, at den som var god til dikta ein song, som var so ven at kongen maatte graata, skulde faa den vene dotter hans og halve riket attpaa.

Det var nok av dem, som vilde prøva seg, skal eg tru, for det er ikkje kvar dag ein kan vinna ei kongsdotter og eit halvt rike. Dei skulde daa gaa upp paa ein nut tett attmed kongsgarden og segja fram verset sitt der. Men kongen berre log aat dei rare versi han fekk, og ingen kunde løysa kongsdotteri og halve riket.

So var det tri brøder, som og hadde høyrte gjete dette. Den eldste heitte Kuldrick, den andre Njaal og den yngste heitte Oskefis. Og so vilde dei ut og freista lukka.

Fyrst skulde han Kuldrick til. Tidleg um morgonen, fyrr soli spratt, reiste han sin veg med skreppun paa ryggen. Naar han kom til kongsgarden, møtte han kongen i porten, men han var vreid fyr ingen kunde laga eit skikkelegt vers til honom. Kongen sa, han kunde gjerne ganga upp paa nuten, men noko vers var ikkje ventande av ei slik korka flaske. Kuldrick lae upp gjenom bakkarne og naar han var komen yver halv-vegs, vart han var ei gamal krokryggja kjerring, som nuppad og sleit i den eine foten, som sat fast millom tvo steinar. „Haa, haa, for ei ljot ruspe,“ skreik Kuldrick. „Statt ikkje der og glispa, din gap,“ skreik kjerringi, „slik heve eg stade i fem hundra aar, vil du hjelpe meg aa faa laus att foten, skal eg gjeva deg den løni du hev fortent.“ „Ditt gamle skrøyve, der du stend,“ log Kuldrick, og treiv til ein stein og slengde, so det kvein kring kjerringi. „Dei unge skal heidra dei gamle,“ skreik kjerringi. Kuldrick iverge att uppaa nuten; der stod han og fekk ikkje til eit ord. Naar han hadde stade, til han var leid, gjekk han ned til kongen og fekk hogg og skjend. Daa fekk Kuldrick vanda heimatt ærendlaus.

So skulde Njaal ut aa prøva lukka; likeeins gjekk det med honom.

So vilde Oskefis og ut. Brøderne log og gjorde nar av honom, og meinte, det var daa ein til gjera vers aat kongen, som ikkje hadde gjort anna en grava i oskehauge alle sine livedagar. „Det var ikkje faare med di,“ meinte Oskefis, „han kunde prøva han likeso vel som hine, og meistarstykki til brøderne orkad han aa gjera han med,“ meinte Oskefis.

Med skreppun paa ryggen gjekk Oskefis til kongsgarden. Kongen vilde ikkje eingong lata Oskefis faa prøva, men Oskefis baade

tagg og bad, og tilslut fekk han løyve. Naar han var komen yver halv-vegs, trefte han kjerringi, som hadde sett fast foten sin millom tvo steinar.

„Goddag, gamle mor,“ sae Oskefis, „sit du der og nuppar og slit?“

„Ja, eg gjerer det, min arme krok,“ sae kjerringi, „du vil vel ikkje rulla fraa denne steinen, so eg fær atter foten min?“

„Jau, det var snart gjort,“ meinte Oskefis, og so gjekk han burt og rullad fraa steinen, so kjerringi fekk laus foten. „Takk skal du ha,“ sae kjerringi, „her hev du løni di“: ho fidde Oskefis ein blank stein med blank egg paa. „Naar du blæs paa denne steinen so det pip,“ sae kjerringi, „kann du fanga heile naturi si bok.“

„Tusend takk, gamle mor,“ sae Oskefis, og so reiste han oppaa nuten, tok fram steinen og bles paa den.

Heile naturi til aa kviskra ved Oskefis, alt dei hadde aa fortelja, so han gløymde baade kongen og kongsdotteri og stemde i og song, so det aldri hev vore slik song korkje fyrr elder sidan. Og kongen gret som eit lite barn. „No er kongsdotteri mi,“ sae Oskefis. Naar han kom ned i kongsgarden atter, vart det stelt til brudlaup, og hev dei ikkje slutta, so turer dei brudlaupet enno.

Hol i Hallingdal.

Olav J. Sletta,
12 aar gamall.*)

Tjuve-Tarjei.

Segn.

I sunnaver bryt heile Nisser (i Telemarki) seg mot Tarjeisberg, og blæs d-et noko som er, so fossar og fyk det langt ifraa. Sjelve fjellet er fleire hundrad meter høgt og sturtande bratt. Skortor i det er der ikkje, men midt paa, umlag fire famnar upp fraa vatnet, er der ei hola inn i fjellveggen.

I denne hola var det Tjuve-Tarjei heldt til. (Tarjei = Torgjeir). Han hadde laga seg ein stige og ein praam av lér, som var so gjorde, at han kunde leggja dei ihop og bera dei. Naar det so var kolmyrkt, og veret stod sunnantil med regn elder snøføykja, daa vitjad Tarjei pengeskrini og matkistorne aat bønderne i Nissedal og Vraadal.

Bønderne vart leie av dette, og ein ven sumardag rodde ein heil brote ut til berget og vilde fanga han i hola hans. Men neimenn um dei var kar til aa sleppa upp aat honom. So meinte dei aa svelta han ihel, og ein flokk paa tie sterke menner la seg utanfor, — fyrst i fjortan dagar; men den fjortande dagen hivde Tarjei ei fleskeskinka ned aat dei. Den tredje vika kom det sendande ei halvtunna mjøl, og soleis gjorde han den fjerde og femte vika au. Daa vart dei reint oppraadde og ruslad heimatt kvar til seg. Men Tarjei dreiv spelet sit mange aar etter dette hende.

*) Bladstyret hev retta ein grand paa stilen. Olav er halling og brukar stundom »dativ«: »skreppun«, »garde«, »porte« o. sl.